

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 16.08.2024

Vår ref.: 201401824-95 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Holmen kraftverk – avgrensa høyring av detaljplan for rehabilitering av flaumvoll/utløpskanal

I brev datert 8.8.2024 mottok Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) detaljplan for miljø og landskap frå Småkraft AS, for rehabilitering av flaumvoll/utløpskanal til Holmen kraftverk i Aurland kommune, Vestland fylke. Vi sender med dette detaljplanen på avgrensa høyring, og vi ber om at merknader til planen vert sendt til NVE seinast innan 10.9.2024.

Konsesjonen ligg fast

Løyve til å bygge Holmen kraftverk vart gitt ved kgl.res datert 28.2.2014. Anlegget er ferdig etablert, men verksemda har hatt utfordringar med flaumvollen som mellom anna sikrar utløpskanalen og stasjonshallen. Detaljplanen er utarbeidd for å utbetre flaumvollen og sikre utløpskanal og stasjonshall. Konsesjonen ligg til grunn for denne høyringa og sjølv konsesjonsspørsmålet er difor ikkje gjenstand for ny høyring.

Korleis følgjer NVE opp detaljplanen for miljø og landskap?

Detaljplanen for miljø og landskap som er lagt fram skildrar korleis det er planlagt å utbetre den aktuelle delen av det konsesjonsgitte anlegget. Bygging av anlegget er underlagt offentleg tilsyn. Det er NVE som utøver tilsynet og jf. post 4 i konsesjonen skal vi godkjenne detaljerte planar for miljø og landskap før arbeida tek til. Vi kontrollerer at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkår, godkjende planar, og at anleggsområda vert rydda forsvarleg opp og sett i stand.

Kva ønskjer vi tilbakemelding på frå høyringspartane?

For å gjennomføre utbetringa av flaumvoll/utløpskanal er det behov for å etablere mellombels anleggsveg over Jordalselva.

Det har etter måten gått lang tid sidan det vart gitt løyve til bygginga av Holmen kraftverk., og vi sender plan for tiltaket på avgrensa høyring for å fange opp eventuelle endringar i kunnskapsgrunnlaget.



Vi ber høyringspartane om å uttale seg om relevante tema innafor dykkar forvaltningsområde og behov for særskilde løyve eller dispensasjon innafor forvaltningsområda dykkar.

Forholdet til plan- og bygningslova

Vassdragsanlegg med konsesjon etter vassdragslovgjevinga er med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 unnatekne frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Detaljplanen for miljø og landskap skal vere avklart i forhold til kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Vi gjer merksam på at vilkåret for å gi dispensasjon alltid vil vere til stades for tiltak som har konsesjon etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova eller energilova, jf. Lovkommentar til plandelen av plan- og bygningslova, revidert utgåve 2022.

Frist for høyring er 10.9.2024

Send fråsegna til uttalelse@nve.no, og merk henne med «Fråsegn» og saksnummer 201401824-95 i emnefeltet.

Som del av NVE si handsaming vert fråsegner, eller deler av fråsegner, referert i utgåande brev. Dersom ho er lang er det ein fordel at det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Uttalar er offentlege dokument. Sentrale saksdokument vert lagt ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Ole Per Schei
Senioringeniør

Godkjent av Mari Hegg Gundersen
Seksjonssjef

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Mattilsynet
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
VOSS HERAD

Kopimottakarliste:



MILJØDIREKTORATET
SMÅKRAFT AS